



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/346-2

Forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skolemiljø - Prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Framlagd prosjektplan vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

- Forvaltningsrevisjon – Trygt og godt skolemiljø - prosjektplan

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vedtok 20. november 2018 å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik. Vedtaket var slik:

1. Kontrollutvalet vedtek å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik
2. Kontrollutvalet vedtek å bestille prosjektet ut frå vedlagte bestillingsdokument, og ber revisor vurdere problemstillingar og avgrensingar i prosjektplanen
3. Kontrollutvalsleiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å godkjenne prosjektplanen

Bestillinga vart sendt Deloitte, dagen etter. Kontrollutvalet ynskte å få prosjektet ferdig til handsaming i fylkestinget i juni 2019. Kontrollutvalsleiar fekk dermed i samråd med kontrollsjef fullmakt til å godkjenne prosjektplan for prosjektet. Godkjenning vart sendt Deloitte AS 10. desember.

Det kom i etterkant av dette signal frå administrasjonen med argumentasjon for at prosjektet ikkje burde gjennomførast no.

Kontrollutvalsleiar ba kontrollsjefen, på bakgrunn av innspela frå administrasjonen, å kalle kontrollutvalet inn til eit telefommøte 21. desember for å få utvalet til å vurdare vidare framdrift, eller eventuell kansellering av prosjektet.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 59/18 å avlyse forvaltningsrevisjonsprosjektet av informasjonstryggleik. Vedtaket var slik:

1. Kontrollutvalet vedtek å avlyse forvaltningsrevisjonsprosjektet av informasjonstryggleik no.

2. Kontrollutvalet ber kontrollsjef om å sende bestilling på forvaltningsrevisjon av mobbing/psykososialt læringsmiljø til Deloitte, der det vert bedt om utarbeiding av prosjektplan til kontrollutvalet sitt møte 11. februar 2019

Vedtaket vart sendt Deloitte same dag. Dette vart sendt som kansellering av forvaltningsrevisjonsprosjektet av informasjonstryggleik, samtidig som det var bestilling av forvaltningsrevisjon av mobbing/psykososialt læringsmiljø, der utvalet ba om prosjektplan til neste møte i utvalet 11. februar.

2. Vurderingar og konsekvensar

Prosjektplanen vart mottatt 17. januar. Prosjektnamn vert «Forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø»

Føremålet med prosjektet er å få undersøkt om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

På bakgrunn av føremålet har Deloitte utarbeidd tre hovudproblemstillingar der ein vil få svar på dei spørsmåla som ligg i føremålet. Det blir stilt spørsmål både om fylkeskommunen som skuleeigar og den enkelte skule har system for å ivareta eit trygt og godt skulemiljø og i kva grad dei vidaregåande skulane arbeider systematisk og kontinuerleg for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø.

Det fysiske skulemiljøet – eksempelvis inneklima og standard på bygningsmassen – er ikkje omfatta av dette prosjektet. Det vert elles vist til prosjektplanen for ytterlegare avgrensingar.

Revisor har utarbeidd revisjonskriteria på bakgrunn av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Kapittel 9A i opplæringslova er sentral i utarbeiding av revisjonskriteia i dette prosjektet.

Revisor vil nytte dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking og stikkprøvekontroll som metode i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen.

Leveringsdato for rapport er sett til 6. september 2019, slik at kontrollutvalet for handsama rapporten 1. oktober og eventuelt sendt den til handsaming i fylkestinget 8. oktober.

Kontrollsjefen vurderer prosjektplanen til å vere i samsvar med bestillinga datert 21. desember og revidert plan for forvaltningsrevisjon, som fylkestinget vedtok i oktober 2018.

3. Konklusjon

Deloitte har utarbeidd prosjektplanen på bakgrunn av bestilling sendt 21. desember og på bakgrunn av den reviderte planen for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020 som fylkestinget vedtok i oktober 2018. Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å godkjenne planen slik den ligg føre.